



Helselaget har mange ihuga medlemmer og to av dei er Guri Eide og Eva Myklebust. Her er dei i gang med å selja basarlodd. (Foto: Ola Matti Mathisen).

**Den årlege basaren for helselaget i Helgheim vart halden måndag og gav truleg rekord-resultat. Det kom inn knapt 27.000 kroner og det er rundt rekna 5.000 meir enn i fjor då summen var 22.180. Gevinstane hadde medlemene laga sjølve. Det var eit allsidig utval – frå sengeteppe og dokke til bordlampe og koppar.**

- Folk er utruleg flinke til å ta lodd, seier leiar Selma Eik til uskedalen.no utan at ho kan peika på nokon bestemt årsak til det gode resultatet i år. Det var godt loddsal på førehand og godt fram møte på basaren. Kva pengane skal gå til veit ho enno ikkje, det blir bestemt ved slutten av året.

I fjor gav laget 10.000 både til hjarteforskning, kreftforskning og tuberkulosearbeid, medan 5.000 gjekk både til AFA, dagsenteret i Herøysund og Rosendalstunet.

Denne basaren er avvikla så lenge Selma kan hugsa. Kanskje er tradisjonen like gamal som laget - og det er 90 år i år.

Av Ola Matti Mathisen